

*Mannfolk*

## Ein intellektuell forfattar i møte med ei ny tid



☞ Arne Garborg var diktar, journalist, kritikal og essayist. Han var ein av dei viktigaste forfattarane i samtida si og spelte ei sentral rolle i kultur- og samfunnsdebatten i 1880- og

1890-åra. Målet hans var heile tida å modernisere det norske samfunnet, og han hadde tankar og visjonar om korleis vanlege folk skulle få kunnskap og politisk påverkningskraft i eit samfunn i endring.

☞ I tillegg var Garborg ein sterk forsvargar av nynorsk språk både i litteraturen

og i journalistikken. For han var språket ein føresetnad for kulturen. Men Garborg evna også å sjå utover landegrensene. Han meinte at kulturen trong impulsar utanfrå.

☞ Som forfattar skildra han emne som det tidlegare hadde vore tabu å skrive om, for eksempel seksualitet og prostitusjon. Han ville vise korleis moralnormene, ekteskapsordninga og dei økonomiske forholda i samfunnet øydela for kjærleik og samliv og førte til sedløyse.

☞ Spørsmål om livssyn og kristentru går att i det meste av det Garborg skreiv. Han voks opp på Jæren i ei tid da pietismen dominerte og sette strenge grenser for livsutfalding, og dette kom til å prege han heile livet. Eit tema som han stadig vende tilbake til, er den pietistiske kristendommen og korleis tvang og hykleri skaper bundne og ufrie individ.

## Jærbu og fritenkjar

☛ Arne Garborg var odelsgut til ein gard på Jæren, men han synte tidleg interesse for bokleg lærdom meir enn gardsarbeid, og det var naturleg for han å ta lærarutdanning. I tillegg hadde han eit sterkt behov for å kome seg bort. Han gjekk lærarseminaret i Holt i Aust-Agder frå 1868 til 1870, deretter var han lærar i Søndeled eit års tid.

☛ Men det var skrivning han ville drive med, og derfor var han med på å grunnleggje Tvedestrandsposten i 1872. Året etter reiste Garborg til Kristiania for å studere. Han tok ein framifrå examen artium ved Heltberg studentfabrikk i 1875.

☛ I 1877 grunnla han bladet Fedraheimen, som han var redaktør for fram til 1882. Han var òg innom Dagbladet ein periode. Garborg var ein dugande journa-

list, og han hadde litt av den same kritiske stilen som Vinje når han skreiv om politikk, kultur og litteratur.

☛ I 1878 og 1879 skreiv han framhaldsforteljinga *Ein Fritenkjar*, som vart publisert i Fedraheimen. Her kan vi lese om teologen som ikkje lenger har den rette trua og som orienterer seg bort frå kyrkja. Med denne forteljinga gjekk Garborg rett inn i eit stort stridsemne. Han var heile livet gjennom sterkt kritisk til både kyrkja og pietismen, men etikken hans bygde på kristne grunnverdiar.



På denne garden på Jæren voks Garborg opp

## Europearen Garborg

☞ I 1883 kom romanen *Bondestudentar*, som vart Garborgs gjennombrøt som

**i** forfattar. Hovudpersonen i boka, Daniel Braut, er bondeson og skal studere i byen. Garborg viser korleis fattigdom og låg sjølvkjensle øydelegg for Daniel. Han endar opp med å svikte røtene og ideala sine.

☞ Garborg såg tidleg på seg sjølv som europear og gjorde reiser til fleire europeiske land. Der vart han påverka av nye tankar og idear. I essayet «Bondekultur og åndsfridom» gjekk han kraftig imot førestellinga om at ein heimleg kultur skal vere bygd på «heimleg grunn». Språket er nasjonalt og ein føresetnad for kultur, seier han, men kulturen er grenselaus:

☞ «Å laga ein serskilt nordmannskultur vilde ikkje vera å gjera oss meir norske,

*det vilde vera å gjera oss meir dumme, og me vilde mindre og mindre kunna vera med i det store kappstræv millom nasjonarne.»*

☞ Garborg såg individuell og nasjonal identitetsbygging som ein gjensidig og kulturell dannelsingsprosess. Her presenterte han moderne tankegods som låg langt føre si tid.



**i** Europearen  
Arne Garborg

# Mannfolk

☛ Romanen *Mannfolk*, som kom i 1886, er ei bok om seksualitet og ekteskap, og eit

🔊 innlegg i debatten om dobbelmoral og hykleri i 1880-åra. Framstillingsmåten i boka er naturalistisk, det er **i** arv og miljø som er med på å styre lagnaden til dei fleste. Unge, fattige jenter endar opp i prostitusjon, og mannfolka greier ikkje å inngå forhold som er tufta på kjærleik.

☛ Ein av karakterane i romanen, Georg Jonathan, drøymer om eit frivillig og likeverdig kjærleiksforhold. Men han og kjærasten Julie Lindner røyner fort at eit slikt forhold er umogleg i eit samfunn der kvinner ikkje kan livnære seg sjølve, og der mennene må vente i mange år før dei får råd til å forsørgje ei kone. Dette systemet gir mannen makt i samfunnet og i familien, men det øydelegg samtidig

kjenslelivet hans og tvingar fram sedløyse. For kvinnene er det enda verre – dei har verken sjølvstendige liv eller von om fritt å kunne velje ektefelle.

☛ Året før *Mannfolk* kom ut, hadde Christian Krohg gitt ut romanen *Albertine*, der hovudpersonen er ei fattig jente som endar opp som prostituert. Boka til Krohg vart stoppa og beslaglagd, og Krohg vart dømd for usedeleg verksemd. *Mannfolk* vart ikkje stoppa, men reaksjonane var kraftige frå både politisk og kulturelt hald, og Garborg miste jobben som statsrevisor året etter på grunn av boka og debattinnlegga sine.



Chr. Krohg:  
«Albertine i  
politilægens  
venteværelse»

## Trætte Mænd – ein dekadanseroman

☛ Rundt 1890 hadde Garborg fått eit forfattarnamn utanfor Noreg, og i Tyskland var han ein periode den mest lesne av

**i** alle nordiske forfattarane. Romanen *Trætte Mænd* (1891) skreiv han på dansk. Det er ein eksperimentell roman i dagbokform. Hovudpersonen Gabriel Gram mislykkast med kjærleiksprosjekta sine. Han får heller aldri bestemt seg for kva for verdiar og normer han vil leve etter. Til slutt endar han opp i ein slags religiøs mystisisme.

☛ I *Trætte Mænd* tematiserte Garborg eksistensielle spørsmål som mange intellektuelle var opptekne av mot slutten av 1800-talet. Trua på det guddommelege var borte, menneska sleit med å finne ein ny ståstad og forventningane til framtida

svikta. Eit fransk uttrykk for denne kjensla av at ein epoke ugjenkalleleg var slutt, var «*fin de siècle*» (slutten av hundreåret).

☛ Omgrepet *dekadanse* (forfall) er tett knytt til «*fin de siècle*». Mange tenkjarar og forfattarar kring hundreårsskiftet meinte at samtida bar preg av moralsk og kulturelt forfall. Vi bruker omgrepet *dekadanseromanar* om bøker som problematiserer det å vere menneske i ei tid der tradisjonelle verdiar og samfunnsstrukturar ser ut til å gå i oppløysing.

☛ *Trætte Mænd* representerte eit vendepunkt for Garborg – bort frå naturalismen og over i ein nyskapande fase med fokus på individ og modernitet. Den neste romanen hans, *Fred* (1892), var også ein roman om oppløysing. Her skreiv Garborg om bonde-samfunnet og pietismen på Jæren, og han vende tilbake til eit meir naturalistisk grunn-syn. Boka har klare sjølvbiografiske drag.

# Haugtussa

☞ Den episk-lyriske diktsyklusen *Haugtussa* (1895) representerte ein ny fase og eit omslag i Garborgs dikting. Han var attende på Jæren og ganske sikkert påverka av dei nyromantiske straumdraga i tida. Men i tillegg hadde omslaget å gjere med ei krise og ei sannkjenning i Garborgs liv.

☞ *Haugtussa* handlar om dei utfordringane og påkjenningane mennesket blir utsett for gjennom livet. Verket handlar om irrasjonelle krefter som angst, kjærleik, og kampen mellom det vonde og det gode i oss. Kort sagt gjeld det kampen mellom dei konstruktive og dei destruktive kreftene i menneskesinnet, og utfordringa med å kunne mestre dei.



Garborg har gitt diktarverket ei folkloristisk form, der kvart dikt står åleine. *Haugtussa* er tonesett av Edvard Grieg, det er ført opp som drama fleire gonger, og verket har inspirert mange biletkunstnarar. Kjende tekstar og melodiar er mellom anna «Småsporven gjeng i tunet» og «Det stig av hav eit alveland».

Verket fortel historia om ungjenta Veslemøy, som er synsk. Ho ser huldrer, nissar og troll, og haugfolka (dei underjordiske) prøver å lokke til seg Veslemøy for å få makt over henne. Men ho står imot. Ho ser at det einaste som kan gi fred, er å gjennomleve sorga og lidinga over kjærleiken og sviket ho har opplevd.

Berre slik kan ho vere eit menneske. Bodskapen i *Haugtussa* er at mennesket ikkje kan flykte frå sorgene og lidingane det møter i livet, tvert om må vi møte lidingane og gjennomleve dei for at vi skal kome oss vidare.



*Måneskinsmøyane*



*I slåtten*







Arne og  
Hulda  
Garborg  
var aktive i  
samfunns-  
debatten i  
1890-åra

☛ Bakgrunnen for tittelen *Kolbotnbrev* var at Arne Garborg og kona Hulda i nokre år budde i ei lita stove i Kolbotn i Østerdalen. Garborg var svært produktiv i denne perioden, og Hulda var medprodusent og redaktør. Hulda Garborg (fødd Bergersen) var dessutan eit skrivande menneske, og ho gav mellom anna ut to romanar: *Et frit Forhold* (1892) og *Kvinden skabt af Manden* (1904). Hulda Garborg stod for eit radikalt kvinnesyn som nok påverka mannen ho var gift med.

☛ Frampå 1890-talet flytte ekteparet til Jæren, og Garborg bygde ei diktarstove på Knudaheio. I *Knudaheibrev* (utgitt i bokform i 1904) utdjuar han tankar om barndomstida og oppveksten, og han set heile livet sitt inn i ein kulturhistorisk samanheng.



Diktarstova  
på Knudaheio  
på Jæren


# Målmannen Garborg

☛ Ved sida av Aasmund Olavsson Vinje var Arne Garborg den som bidrog mest til å skape ein nynorsk skriftkultur. Både Vinje og Garborg var påverka av målarbeidet til Ivar Aasen, og Garborg var overtydd om at det var nynorsken som best representerte norsk uttrykksmåte og kultur.

☛ Som journalist skreiv Garborg både dansk og landsmål (nynorsk). Romanen *Trætte Mænd* frå 1891



gav han ut på dansk, men det var nok for å nå ei dansk målgruppe. Elles var han trufast mot nynorsken, og han vart sterkare i trua på målsaka etter at han flytte heim til Jæren. Garborg levde fram til 1924, men det var lite han skreiv dei siste åra.

☛ Arne Garborg var ein autoritet og pådrivar i arbeidet med å vidareutvikle det  nynorske skriftspråket og den nynorske skriftkulturen. Samstundes var han heilt tydeleg på at ikkje noko land kan vere seg sjølv nok i kultursamanheng, ein levande nasjonal kultur treng jamleg fornying gjennom impulsar utanfrå.

*Minnesmerke over  
Arne Garborg på Knudaheio*

